

Hallo i nedslagsfeltet!

Sidan sist har det faktisk skjedd litt meir enn det vanlege. Klokka fem om morgonen 1.mai deltok eg på Konradløpet for fyrste gong! Og det gjekk overraskande greitt å stå opp klokka halv fire. Til tross for ganske glatte vegar, var forholda fine. Vêret var heller ikkje til å klage på! Eg hadde eigentleg ikkje trudd det, men eg overraska meg sjølv med ein 2. plass i kvinneklassa! Det var veldig artig. Gler meg til å delta neste år også, då har eg som mål å springe på under 18 min. Kanskje litt optimistisk i og med at eg må forbetre meg med om lag eitt minutt, men vi får sjå!

I helga som var tok eg, Ingrid og pappa fly til Oslo for å vere med på Holmenkollstafetten! Eg sprang med laget mitt, Skjalg, og pappa med jobben sin. Dei andre på laget mitt tok buss i åtte timar frå Stavanger dagen før, so det er eg glad eg slapp, hehe.

Eg sprang 8. etappe, som hovudsakleg var ein 1800 meter lang nedoverbakke. Å springe i nedoverbakke er ikkje akkurat det eg har gjort mest av. Eg kjende det i alle fall godt under føtene når eg var ferdig! Men til å vere fyrste gong gjekk det nokså bra. Skjalg veksla mellom første, andre og tredje plass, men vi enda til slutt på tredje plass i klassa vår, kvinner junior. Det er eg strålande fornøgd med!



Etter at Skjalg hadde sprunget, skulle eg springe ei etappe for pappa sitt lag, Høgskulen i Ålesund, sidan dei mangla ein person. Der sprang eg 14. etappe, nest siste. Den var 850 meter, og stort sett flat og fin. Det var kjempekjekt, sjølv om eg var litt sliten frå før.

Og elles har eg vore knappe to veker i Velledalen. Det var kjempefint! Eg fekk gått ein del turar, trent og slappa av.




*Frå Regndalen.*





Også har vi fått oss kopplam! Mora døydde diverre, so no gir vi ho mjølk på flaske mange gongar for dagen. Fanny, som ho heiter, har vorte nesten som ein hund, ho følgjer etter oss kvar enn vi går, og vil ikkje sleppe oss av syne. Vi har vore på ganske lange turar med ho, blant anna ut om elva, og et godt stykke opp sætrevegen. Kjempkoseleg!



Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 8,9

- Andrea